



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 64. ÅRGANG, 2025



Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge,
Marit Hegde og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

FRAMSIDE: Even Bolstadbråten og Lene Gjerdalen
Oldre fekk døpt sonen sin, Odin, på stølsmessa på
Tansberg. **FOTO:** Elin Hovi

DEN NORSKE KYRKJA ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang,
Bygdivegen 1989, 2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10-14

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
VIKARPREST: Dag Henrik Berggrav	994 96 064
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARB.: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
KYRKJELYDSARBEIDAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE VIPPS: 513422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE VIPPS: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Lene Viste

LIDAR KYRKJE VIPPS: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE VIPPS: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

PROSTEN HAR ORDET

Tradisjon og fornyng



Endring

Sokneprest Eli har avslutta si faste presteteneste etter mange år i Øystre Slidre som fjellprest og sokneprest. Vi veit enno ikkje kven den nye presten blir eller korleis denne vil ivareta prestetenesta. Vi er i ei endringstid. Som prost kunne eg drøyme om at endringane ikkje skulle kome no, sjølv om eg personleg ser fordelar med at Eli er heime på heiltid. Samtidig veit eg at endringstid kan bli ei god tid for fornyng. Eg bruker ofte biletet av å pløye opp eit jorde for å legge grunnlag for ny vekst. Nokre gonger treng ein «pløying» i det kyrkjelege liv også, samtidig som ein held fast på den grunnleggande oppgåva slik det er formulert i strategien for Den norske kyrkja: «*Meir himmel på jorda*».

Haust

Eg er glad for at vi har årstider med klare skiftingar. Om hausten kan ein gle seg over fargane, mogning og innhausting. Sjølsagt er det litt vemodig at sommaren er over og det blir mørkare og kjøligare, men ettersom eg blir eldre, blir gleda over mogninga i livet viktigare. Hausten er tida då ein får igjen for det som er førebudd og stelt med i løpet av vår og sommar, og ein kan sjå meininga i langsiktig arbeid.

Mogning

Frukttree som vi planta for 7-8 år sidan i hagen i Volbu, har no kome seg og ber mykje frukt. Eg har sett skeivt på dei meir enn ein gong og tenkt at desse kjem aldri til å klare seg. Var det bortkasta arbeid å plante desse? I år blomstra dei godt på våren, og utover sommaren syntte det seg at frukt var på gang. Innsatsen vi gjorde for år tilbake gav ikkje rask avkastning, men no set eg stor pris på at vi tok jobben med å sette ned trea.

I kyrkje og samfunn er vi opptatt med å legge fram rapport kvart år der vi teller og dokumenterer kva vi har gjort det siste året og kor mange som deltek i ulike aktivitetar. Høge tal, rask avkastning og økonomisk utteljing får stor merksemd.

Det er kanskje lett å gløyme at mogninga skjer på lang sikt? **Nokon tok fatt og bygde kyrkjer for hundrevis av år sidan i våre bygder.** Det fekk stor verdi, langt utover kortsiktig vinning for dei som bygde.

Sokneprest Eli har gjort sin innsats saman med alle dei andre gode medarbeidarane i kyrkjene i Øystre Slidre. Det er mykje å gle seg over, både det som ein raskt ser resultatet av, og det som mognast over tid. Så er det spanande å ta imot ein ny prest. Det kyrkjelege livet stanser ikkje opp, men lever sitt liv i samspelet mellom tradisjon, mogning og fornyng.

God haust!

Foto: Privat



Kyrkja ho er (ikkje berre) eit gamalt hus

AV: **GEIR WIKNES, SOKNEPREST I NORD-AURDAL**

FOTO: **NETTSIDENE TIL NORD AURDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD**

Det finst førestillingar om at kyrkja skal vere ein stad for alt som ein gong var; for det som minner oss om historia vår, kvar vi kjem frå. Kyrkja er rett nok eit gamalt hus som vi syng i salmen, men ho seier også at «Me er Guds hus og kyrkje her, bygde av levande steinar». Og kyrkje, det er vi av ein grunn åleine.

Det grenselause og gjennomgripande som er kyrkja, at ho heng saman gjennom historia og over heile jorda, er for meg både ein tryggleik og kan kjennast litt overveldande og til og med litt irriterande. Kva har eg å gjere med kristne andre plassar i verda som ser heilt annleis på både Bibelen, kyrkja, menneska og samfunnet enn det eg gjer sjølv? Kva har eg å gjere med korleis dei kristne for snart 2000 år sidan famla og krangla og ikkje hadde peiling på korleis kristendomen skulle kome til å sjå ut?

Vel, eit sentralt element er at kristendomen og kyrkja ikkje handlar om meg og mitt, men om oss og vårt. Trua er ei gåve vi blir gjeve, som likeverdige sysken. Ved døypefonten blir eg omslutta av Guds lovnader, og eg blir gitt eit oppdrag: Om mogleg, lat dine hender, føter, auge og øyre bli til Guds hender, føter, auge og øyre. Vis miskunn og kjærleik, hjelp der du kan hjelpe eit medmennesk. Kvil i at når det går skeis og du ikkje greier det, så vil Guds nåde og kjærleik framleis omslutte deg.

På fyrste bladet i Bibelen i Fyrste Mosebok les vi at Gud skaper menneska i sitt bilete. Vi liknar Gud på ein heilt eigen måte, og samstundes er vi del av skaparverket. Gjennom fleire skrifter i både Det Gamle Testamentet og Det Nye Testamentet, hentar ein på ulike vis fram dette biletet frå skapinga om mennesket som krona på Guds skaparverk.

MIN SALME



«No folnar skogen»

Ein vakker salme med haustleg preg:
«No folnar skogen, og blomane døyr,
og vinden stryk over åker og øyr.»

Denne salmen fangar den stille, vemodige stemninga som ofte kjem med hausten – når naturen går inn i kvile, og vi kjenner både på takksemd og forgjengelegdom. Han minner oss om livets rytme og Guds nærleik gjennom alle årstider.

- Ole Martin Alfstad

I Salmane er det formulert slik:

«*Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar,
månen og stjernene som du har sett der,
kva er då eit menneske – at du hugsar på det,
eit menneskebarn – at du tek deg av det?
Du sette han lite lågare enn Gud
og krona han med herlegdom og ære.*» (Sal.8, 4-5)

Når vi blir lyfta opp eller reiser oss opp frå dåpsvatnet, har det skjedd noko heilt spesielt. Vi er dei same menneska, og så har vi vorte del av noko mykje, mykje større enn oss sjølve og vår eigen nære familie. Kyrkja kjem til syne, med eitt er den nydøpte vorte del av den same syskenflokken som alle i den ortodokse kyrkja i Kyiv, alle i den katolske gatekyrkja i Bogota, og alle i den koptiske kyrkja i Kairo. Med eitt er du og eg og Peter og Paulus, Olav den Heilage, Martin Luther og Pave Leo XIV vorte del av den same kyrkja.

Då Paulus prøvde å setje ord på dette mysteriet i møte med det plaga folket Galatarane, sa han det slik:

De er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus. For alle de som er døpte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikke jøde eller grekar, her er ikke slave eller fri, her er ikke mann og kvinne. De er alle én i Kristus Jesus. Og hører de Kristus til, då er de Abrahams ætt og arvingar etter lovnaden. (Gal.3, 26-29)

I møte med meningslaus liding, krig og konflikt, politisk usemje og anna som trekker menneske frå kvarandre, er kyrkja ei viktig påminning om at vi hører saman om vi er aldri så ulike. Om eg ikkje forstår korleis den andre tenkjer, kan eg prøve å forstå korleis den andre har det. Og uansett er vi like høgt elska av Gud, ikkje for våre feilfrie liv, men for våre liv.

- | | |
|---|--|
| 1.
No folnar skogen,
og lauvet fell,
og blomar døyr
i den stille kveld.
Men under mold
ligg ein sumar grøn,
og vent skal bløma
kvar visna krøn. | 3.
Så folnar vona
i sorg og sut,
og draumen døyr
når vår dag går ut.
Men Gud er trufast,
og ordet står:
At den som trur,
skal få liv ein vår |
| 2.
Så folnar livet,
og dagen lid,
og døden kjem
som ein stille strid.
Men Krist, vår Frelsar,
har sagt oss det:
At den som trur,
skal få evig fred. | <i>Tekst: Bernt Støylen
etter Grundtvig Folke-
tone 634
Melodi: Folketone</i> |

Verdivandring med Eli Vatn

TEKST: MARIT HEGDE

FOTO: JUDITH ANITA HAUGSRUD KLOPPBAKKEN

Eli Vatn er blitt pensjonist. Ho har gått mange verdivandringar gjennom åra, og mange fine samtalar med folk har ho delt med oss.

I dag er det hennar tur. Det regnar, men berre litt. Vi går – utan regntøy. Regnet aukar, så før vi bli altfor våte, går vi i skjul under eit takutstikk. Samtalen flyt heile tida, sjøl om det blir regnvått både i håret og på brillene. Eli er eit engasjert menneske.



Ein av dei mange gåvene Eli fekk på kyrjekaffien på Lidar skule etter avskjedsgudstenesta.

og gjennom det blei eg av og til i ungdomen mistrudd om trua mi. Eg kjenner meg på ein måte litt i slekt med folk som ikkje går i kyrkja. Det å vere kristen er ikkje ein kategori eg set folk i. Kristne er vi per definisjon når vi er døypt! Kanskje er det òg for snevert; Gud er raus! Men vi er nok ulikt opptekne av åndelege spørsmål.

- Plagar det deg om det berre sit 4 – 5 stykker i kyrkja når du forretter?

- På ingen måte, ikkje på Guds vegne heller! Det som kan plage meg er om folk ser seg rundt og spør seg om kvifor det ikkje er fleire her.... Eg tenkjer at Gud ser dei som ikkje er i kyrkja òg, og at dei òg er Guds elska born. Eg kan naturlegvis tenkje at dei

Vi startar med å snakke litt om livet, korleis var det å vekse opp, morslivet, du har vore både lærar og prest.

- Kva for ein del av livet har vore sterkast?

- Det har vore anten å vera mor eller prest. Eg har hatt ein trygg barndom på Inderøya, litt isolert kanskje, men eg hadde jo mange skolevenninner og mykje aktivitet. Studietida var heilt grei, men det å vere mor har vore veldig skilsettande. Det har sett sterke spor og har vore så betydningsfullt. Å vera mor inneber eit stort ansvar, det går på ein måte på det innerste i meg. Det gir både sorger og gleder, av og til føle at ein kjem til kort, men ein ser også at det gror. Eg har kanskje vore ei litt tøff mor? Det er ikkje alltid lett å vere den mora ein ynskjer å vera i samspel med dei ulike ungane.

Det å vere prest var nok eit yrkesval som passa meg betre enn det å vere lærar. Det er flott å vera prest, på så mange måtar. Det er givande å få uttrykke seg i preiker, realisere det eg trur på. Men eg synest det er vanskeleg å snakke om Gud, det kjennest litt for stort!

Håpet er jo å vera med å realisere noko av Guds vilje. Det gjer meg rørd viss eg skjønar at det er sagt noko som beveger. Da har det vore noko bra.

Så er det den store tilliten ein får – i situasjonar når folk har det vanskeleg – i sårbare situasjonar. Folk har det så vondt, og eg vil så gjerne ordne opp og ta bort det vonde, men det kan eg ikkje. Eg føler meg kanskje ikkje heilt verdig denne tilliten. Men denne oppgåva har eg jo som prest.

- Korleis opplever du at folk møter deg i den situasjonen?

- Eg opplever at dei møter meg med openheit og tillit. Folk er sjeldan reserverte. Når ein er i sorg, er ein i ein periode litt hudlaus, sorg er slik. Så går det ei tid, og ein lukkar seg att. Kvardagen kjem etter kvart, nokon brukar kort tid, andre treng noko lengre tid på dette.

- Kva har vore viktigast for deg som prest i den tida du har vore her?

- Den viktigaste rolla eg trur folk tenkjer at eg har, er å lose dei trygt gjennom eit dødsfall og forrette gravferd på ein god måte. Det har og vore eit viktig arbeid i kriseteamet, som handlar om noko av det same. Sjøl har eg hatt veldig hjarte for å ta på alvor den tause eller smålåtne trua til folk. Det handlar jo òg om at eg har syntest det har vore vanskeleg å snakke om Gud. Eg har kanskje ikkje brukt dei rette eller store orda,

ikkje gidd å høyre på meg, at eg preiker dumt, men slike tankar plagar meg lite.

- Kva har gjort mest inntrykk på deg i dette arbeidet? Du har jo møtt menneske i glede og i sorg, i kyrkja, på kyrkjebakken, på kyrjekaffe, i soknerådsmøter, på butikken, ja, i alle samanhengar...

- Dette er eit vanskeleg spørsmål. Eg kan absolutt ikkje rangere ting. Men dei dramatiske tinga gjer mest inntrykk, det er sterkt. Eg har og hatt mykje entusiasme og glede over konfirmantane, dei rører hjartet. Eg har som prest fått vere med på mange morosame ting, som til dømes pilegrimsvandringar og jubiléet i Hegge. Det var veldig fint å komme til staben i Øystre da eg begynte her. Det var ein leik over stabsarbeidet. Vi blei utfordra ut over komfortsonen den gongen, det syntest eg var veldig artig. Det vart mykje glød og driv for kyrkja, kanskje spesielt i arbeidet med Hegge-jubileet.

- Er det noko som har vore vanskeleg?

- Min kreativitet og driv har iblant kanskje vore litt overveldande for nokon. Eg har kanskje villa litt for mykje, og har kanskje vore litt sterk og tydeleg enkelte gonger.

Av og til kan det vere vanskeleg i sørgesamtalar hvis folk ikkje så lett kan snakke om eller har ord for det dei føler. Når folk er rause med å fortelje, gjer det jobben min lettare når det til dømes gjeld minnetala. Alle må ivareta kast.

- Ein må kanskje spørje ein prest om ho har eit åndeleg testament (det høyrest stort ut) eller – kva ynskjer du for kyrkja vidare?

- Eg ynskjer at ho skal famne vidt. Eg trur ho har så stor betydning, ikkje berre for kvart enkelt menneske sitt forhold til Gud. Kyrkja i Noreg har betydd så mykje både historisk, verdimessig og kulturelt, at ho har ein samanbindande funksjon i heile landet og i bygdene. Kyrkja er ein verdiformidlar og har kjende og trygge ritual. Det ei gravferd gjer til dømes, er at ei bygd kan puste att etter eit dramatisk dødsfall. Eg har ein slags opposisjon i meg i møte med det å ikkje bli trudd til å vera prest som kvinne. Om nokon på grunn av det faktisk motarbeidar forkynning av Guds ord eller deling av godheit, da tenkjer eg at den som overser godheit, overser Gud. Gud er i all godheit. Så stor er Gud at han let seg ikkje begrense av om det er ein muslim som utøver godheit, men der er han til stades. Det er sjølve livskrafta. For meg er å tru å gå for det du håper på. Det er ikkje nødvendigvis å vite eller vere skråsikker, det kan vi ikkje vera. Men vi kan gje det vi har å gje, då kan vi sjå det realisert, det vi trur og håper på.

Eg synest ofte at det blir venta av folk at dei skal gjera seg opp ei intellektuell overbevisning om dette. Det er vanskeleg å ha det.

- Då gjer vi kanskje Gud mindre òg, hvis vi klarar å forklare Gud så alle forstår og veit, da blir han kanskje liten? Det er vel i tråd med det du sa i stad, Gud er så stor at det er vanskeleg å snakke om det...

- Ja, og eg ser no fram til at det skal koma ein ny prest til Øystre. Ein ny prest vil kome til å gjera nokre ting betre – det er fint. Eg har opna dei dørene eg kan

eller har evne og kapasitet til, så er det mange dører som ein ny, med ein annan personlegdom og erfaring kan opne.

- Kva skal du ta med deg vidare i livet?

- Det er på ein måte spennande. Alt skal nå vera til «innvortes» bruk, slik det var før eg vart prest. Når ein les Bibelen som prest, tenkjer ein ofte på korleis ein kan bruka det overfor andre, no kan eg berre tenkje korleis dette gjeld for meg. Her må eg nok gå nokre runder med meg sjølv. Det å vere prest er ikkje berre eit yrke, det er noko ein ER, kanskje.. Ein blir jo som prest så glad i folk, ikkje minst konfirmantane, det blir ei form for tilhørigheit, ei omsorg, ei godheit for folk. Det kjem eg til å ta med meg.

- Du vil nok også alltid vere presten vår.

- Ja, den avgåtte presten, det vil eg nok vera. Eg lever godt med det.

- Kva skal du gjera no då, forutan å vera bestemor?

- Eg tenkjer at eg skal halde fram med å vera litt engasjert, i kyrkjebladet og som leiar for pilegrimsfelleskapet i Valdres. Eg vil ikkje ha berre høner, men kanskje også ender og kaniner. Det er både matauk og liv i garden. Eg er jo frå gard – så det er fint.

Regnet har sila ned over oss til nå, så vi listar oss attende til prestegarden. Der er førebuingane i gang til reisa til Italia og Toscana, som Eli har planlagt i lang tid. DET blir ein skikkeleg overgang til det nye livet. Takk for det du har vore for oss Eli, og takk for at du vil halde fram saman med oss!

Avskjed med Eli

TEKST: MARIT HEGDE OG INGRID MEYRICK

FOTO: JUDITH ANITA HAUGSRUD KLOPPBAKKEN OG INGRID MEYRICK

Kjære Eli!

Da er dagen komen at du sluttar som presten vår i Øystre Slidre. Vi er vemodige og takksame for alt du har gjort og for den du er. Heldigvis vil du halde fram med det siste. Det er vi glade for! Gjennom 10 år har du møtt oss i sorg og glede, i kvardag og til fest. Med nærast ustøppeleg energi og masse kreativitet har du sett djupe spor blant oss. Og mykje av det du har starta opp med, kan vere flott for ein ny prest å føre vidare. Men han eller ho skal få gjera det på sin måte, vi må vere rause. Den 24. august var det festgudsteneste og avslutning for deg

i Lidar kyrkje. Mange var møtt opp, og det var ei flott stund. Vikarierende prost Marit Slettum, prestekollega Kristine Inderhaug, dei tre klokkarane i prestegjeldet, kyrkjetenarane og staben elles var der. Dotter Solveig, son Johannes og Elen E. Klippen spelte ein feiande flott pols, røyst deltok òg. Sjølv held du preike over ein av lesetekstane, om då Jesaja vart kalla til Guds tenar, men kjende seg uverdig. Denne gongen òg kom du inn på at ein alltid kjem til kort når ein skal seia noko om Gud. Det vart ei flott avskjedsgudsteneste, men likevel ikkje så vemodig sidan vi veit at du blir buande i bygda og vi kjem til å treffe deg i mange samanhengar heretter.




Etter gudstenesta samlast vi på Lidar skule som hadde god plass til alle fram møtte. Medan vi kosa oss med kaffi og bløtkake, vart Eli takka for tenesta med gåver og gode ord frå både prost, fellesrådsleiar, ordførar, leiar for kriseteamet, tidlegare medarbeidar, kollegaer og endå til med sjølv laga song av staben. Frå sanglaget røyst der ho har vore med i mange år vanka det ei bukett etter at dei gleda oss alle med fin song.

Det vart ei god blanding av alvor og skjemt. Det siste sto nok dei to muntre brørne frå Beitostølen for med tryllekunstner og klovneaktig søknad om den ledige prestestillinga. Ein vakker ballade/kvad om Tora liti avslutta programmet, sunge av vår eigen Ingvi Lie. Takk til alle sokneråda som sto for eit triveleg og vellukka arrangement! Her er nokre bilder frå dagen.



1. Fyrst fekk vi det siste handtrykket - og den siste klemmen - av Eli som presten vår.
2. Det var tydeleg frå skrifta på kakene at her tek vi farvel med ein kjær prest. Eli og fungerande prost Marit Slettum fekk forsyne seg fyrst.
3. Kyrkjestaben varta opp med sjølv laga song.
4. Fyrste kyrkjevergja i Øystre Slidre, Anne Nora Alund, ga Eli ei gyllen kappe medfylgjande gode ord.



5. Stor begeistring for den fyrste søkjaren på prestestillinga som no vart ledig. Men vi innsåg fort at han ikkje hadde dei rette kvalifikasjonane.
6. Det er ikkje alle prestar som ville finne seg i å få trylla BH-en av seg!
7. Det var lagt mykje omtanke og fantasi i mange av dei gåvene som vart overrekte.
8. Eli har alt fått famnen full av barnebarn, så ho får neppe så mykje tid til å kvile på sine laurbær.
9. Det var ei rørt Eli som takka for alle gåver og gode ord då kyrkjeaffistunda var over.



Skreddalen 6. juli Hegge sokn - Messa vart avlyst.

Tansberg 13. juli Rogne sokn

TEKST & FOTO: Elin Hovi



Sundag 13. juli var det stølsmesse på Tansberg hjå Miriann og Ole André Bolstadbråten. Miriann ynskte 64 fram møtte velkomne i fint solskinn. Dette er einaste stølen som er i drift med mjølkekyr på Tansberg. Eli Vatn og Anne Britt S. Hansen-Sørum stod for messa, og Magne Olav Selland spelte. Even Bolstadbråten og Lene Gjerdalen Oldre fekk døypt sonen sin, Odin. Etter gudstenesta vart alle fram møtte servert gode kaker og kaffi.

Urek 3. august Lidar sokn

TEKST: Sissel Dahle Lie

(Det vart ikkje take bilete på denne messa).

Sundag 3. august var det stølsmesse i Urek hjå Signe Skammestein. Veret var litt utrygt, så vi fekk kome inn i sælet. Signe starta med å fortelje om historia og korleis stølslivet har endra seg. Ho avslutta med at dette var siste sommaren med mjølkekyr i Urek. Prestevikar Ingrid Albert, klokkar Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum heldt gudsteneste medan Gunvor Hegge spelte langeleik. 35 personar deltok denne sundagen. Etter gudstenesta var det kaffi og kaker. Takk for ein triveleg sundag.

Bukono 10. august Volbu sokn

TEKST OG FOTO: Else Karin Sagerud

Sundag 10. august var det samla 40 stk til stølsmesse på Bukono, på stølen til Marte Gigstad og Anders Lien Melbye. Vertskap var Anne Marie og Gunnar Melbye. Det var sterk vind, men sola varma oss så godt ho kunne.



Anne Marie ønska alle velkomne, og ho fortalte litt om historia til stølen. Sokneprest Eli Vatn heldt ei fin messe og Gunvor Hegge spelte langeleik. Etter messa vart det servert kaffi og kaker, og det vart tid til gode samtaler. Vi takkar for laget.

Gullkonfirmanttreff 17. august 2025

TEKST: SISSEL DAHLE LIE
FOTO: OLE MARTIN ALFSTAD

Først på summaren fekk vi eit brev i posten der det stod:

Kjære Gullkonfirmant!

For 50 år sidan, den 22. juni 1975, vart de konfirmert i Hegge kyrkje. Sokneråda og kyrkje-kontoret i Øystre Slidre vil med dette be inn til Gullkonfirmanttreff søndag 17. august.

9 av dei 24 konfirmantane frå 1975 møtte opp i Hegge kyrkje denne sundagen. Då messa starta, gjekk vi i prosesjon inn i kyrkja saman med nokre av dei nye fyrsteklassingane som var invitert til «Fyrsteklasses gudsteneste».

Etter gudstenesta var det middag og hyggeleg samvær i kyrkjestogo. Praten og latteren sat laust rundt bordet. Etter middagen hadde vi ei runde der vi fortalte litt om kva vi hadde gjort desse 50 åra. Artig å høyre om kor forskjellige vegar vi har valt. Takk for ein hyggeleg dag, og takk til sokneråda i Hegge og Lidar som stelte i stand denne dagen.

Bak frå venstre: Ola Erik Melby, Torstein Presthegge, Nils Nordtorp og Jan Ove Størdal
Fremst frå venstre: Eli Vatn, Anne Margrethe Kjørli, Marit Langli, Marianne Grønolen, Anne Britt Hagaseth Sebu og Sissel Dahle Lie.



**Fyrste-
klasser-
gudsteneste**

Utdeling av
6-årsbok
17. august 2025

Foto: Marianne Straum



HEGGE:

Frå venstre: soknerådsleiar Ole Martin Alfstad, Birger Blomlie Hegge, Even Stavseth Reinlie og sokneprest Eli Vatn.



ROGNE:

Frå venstre: Odin Engen, Jørgen Hesjadalen Linn, Daniel Aarøen Haugen, Adam Fjeld og Aksel Lien Helland.

Barnas

Fargelegg!

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.

Teikning: Chiara Bertelli

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?

Vits:

Har du høyrte om klovn som slutta i jobben fordi alle lo av han?

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Gi bladet Barnes til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00


Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!

I alle fire nummera av kyrkjebladet dette året vil vi ta for oss gamle tradisjonar brukt i kyrkjelege handlingar.

TEKST: HENNING ANDERSEN

Gravferdsskikkar



Gravferd i Øvre Skatrud i Volbu i 1928. Foto utlånt av Marit og Ola K. Robøle

Ved dødsfall i eldre tid var det familien og grannane som budde den døde til gravferd. Fyrst brende dei sengehalmen til den døde, «dei brende likhalm eller likstrå». I kvart grannelag fanst det personar som vart nytta ved ulike høve, personar med erfaring på sitt område. Slik var det ofte ei grannekone som vart tilkalla for å laga likkleda eller bukleda, som dei sa, og budde den døde. Ho vaska, kledde og la den døde i kista. Kista vart kanskje også laga av ein granne, av materialar som fanst på garden. Det heiter at dei gamle hadde malt og turre bord liggande støtt, så dei ikkje skulle stå oppradd om noko kom på. Då hadde dei malt til øl og bord til kiste. Kista vart oftast sverta med knust steinkol.

Rundt 1900 kom dei fyrste ferdigkjøpte, kvite kistene. Grava vart også graven av grannar. Fast gravar vart ikkje vanleg i Valdres før etter 1880, og lenge var det folket sjølve som kasta attpå grava. Andre grannar var med og vaska og førebudde maten, og det vart både slakta, baka og bryggja. Som oftast var all denne grannehjelpa gratis. Då den døde var ferdig budd, skulle han «syngjast ut». Nokon gonger var klokkaeren med, andre gonger var det

ein frå grannelaget. Det vart halde ei stutt tale, bede ei bøn og sunge salmar. Så bar dei ut kista medan dei song «ein liksalme». Kista vart oftast sett på låven til gravferdsdagen.

Ei gravferd eller «eit gravøl» vara gjerne 2-3 dagar. Skikkane har variert ein del også innan Valdres, men dei store trekka som danna ramma rundt gravferda har vore dei same. Traktering og mat har såleis vore ein stor del av denne ramma. Det vart traktert både før og etter gravferda, og i Sør-Aurdal var det somme stader skikk å ha med sending til gravaren. Til gravferdsdagen vart tunet pynta med bar, bokstavane til den døde i bar vart hengt over inngangsdøra, og på sumarstid vart det bygd barhytte til å setja kista i. Vegen ut frå tunet var også pynta med bar. Fyrst vart alle trakterte med «dram og bakils»- ein dram og krumkaker eller fattigmann. Så vart det etterkvart meir mat før alle samla seg rundt kista ute. Kjøkemeisteren held tala, og det var salmesong før dei for til kyrkjegarden. Om vinteren var denne samlinga inne. På kista låg gjerne eit teppe, eit «likåkle» og ei salmebok. Nokon stader var det vanleg med to brennande ljøs på kisteloket. Seinare vart det

vanleg med blomekransar på kisteloket. Det var ikkje vanleg at presten var med i gravferd før ikring 1900. Det vart heller ikkje vanleg å ta kista inn i kyrkja før langt ut på 1900-talet. På gravferdsdagen møtte grannane opp med hest og kjøretøy. Hestane skulle helst gå like langt frå kvarandre, og det skulle ikkje bli opning mellom dei. Ved kvar større gard fylgjet køyrde forbi song dei eit vers. Ved kvar gard som låg etter leia mellom gravferdsdagen og kyrkja, vart det pynta med bar på begge vegkantane, ei siste ære som vart synt den døde.

Då fylgjet nærma seg kyrkja vart det ringt med kyrkjeklokkene, heilt til dei var framkomne. Så var det salmesong medan kista vart boren til grava og senka ned. Var ikkje presten med, laut dei vente med jordpåkastinga til neste messesundag. Då vart eit røyr sett ned på kista når grava vart kasta att, slik at dei tre skuffene med jord kom ned på kisteloket.

Etter gravferda var det traktering for heile gravferdsfylgjet heime på garden. Grannekonene kom med «sending», ei korg med god mat. Om kvelden var det gjerne skjenk, prat, og i gamal tid også dans.

Kjelde: www.valdresgravferd.no/gravferdsskikkar-i-valdres/



Barhytte ved gravferda etter K. K. Beito 1947. Foto utlånt av Irene Hegge Guttormsen

Triveleg besøk frå Lesja kyrkjelege fellesråd

TEKST: OVE EKERBAKKE FOTO: ELI VATN

Den 12. august hadde Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd gleder av å ta imot besøk frå kollegaer i Lesja. Me møttest ved Hegge stavkyrkje, der gjestene fekk ei omvising og eit innblikk i historia og særpreget ved kyrkja vår. Etterpå vart det både latter og engasjement då alle fekk prøve seg på handklokker – med god innsats og mykje humør! Turen gjekk deretter til Volbu, der Eli Vatn og Carl Philip Weisser tok varmt imot oss til ein smakfull lunsj. I Volbu kyrkje fekk gjestene sjå «Kyrkjeskipet», eit tilbod for toåringar, som gjev dei ei mjuk og trygg innføring i kyrkjelivet. Vidare vart det omvising på kyrkjegarden og samtale om gravferd og gravfredsskikkar – eit viktig tema som engasjerte.

Dagen vart avrunda med ei reise til Beitostølen og Lyskapellet, der me hadde «Den gylne time» – ei stille stund til ettertanke og fellesskap. Til slutt samla me oss til middag på Jotunstogo, der praten gjekk lett og stemninga var god.

Det var eit særst hyggeleg besøk, prega av læring, glede og gode samtalar. Det er alltid inspirerende å møte kollegaer frå andre fellesråd – me deler erfaringar, får nye perspektiv og styrkjer fellesskapet i kyrkja.



KYRKJEVERGEN HAR ORDET

Økonomiske utfordringar for kyrkja i Øystre Slidre.

Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd har dei siste åra stått i ein krevjande økonomisk situasjon. Dette har medført at den kyrkjelege aktiviteten har vore redusert til eit minimum. Ein har prioritert å halde eit høgt servicenivå og å ta vare på menneske, men mykje anna har gått på sparebluss. Vedlikehald på kyrkjer og kyrkjegardar har vore avgrensa til det mest nødvendige, og slitasje byrjar no å bli synleg. Det er uro for at dette kan føre til eit etterslep som vil krevje større investeringar i framtida.

Fellesrådet har gjennomført fleire tiltak for å redusere driftskostnadene. Det er mellom anna installert halogenpærer i kyrkjene og i utelys, noko som gir vesentleg lågare straumforbruk. Temperaturen i kyrkjene er også senka for å spare energi. Trass i desse tiltaka har det vore naudsynt å sjå etter nye inntektskilder. Fellesrådet foreslo ei moderat auke i festeavgifta frå 200 til 250 kroner frå 2025, men kommunestyret vedtok å doble avgifta til 400 kroner. Dette gir auka inntekter, men har også ført til at fleire har sagt opp gravfeste.

Situasjonen gjer at fellesrådet må vurdere ytterlegare innsparingar. Mellom alternativa som har vore drøfta, er reduksjon i stillingar. I dag har kvar kyrkje eigen kyrkjetenar, og det er fem klokkestillingar i kommunen. Desse funksjonane er viktige for den daglege drifta, men kan bli ramma av framtidige kutt.

Vedlikehaldet er på eit minimum, men ein har prøvd å halde kyrkjegardane velstelte om sommaren. Kutt i plenklipping, stell og vinterbrøyting kan bli aktuelt. Planar om å investere i robotklippar vart lagt bort grunna manglande økonomi. Eigenbetalinga for konfirantar er allereie auka, men det kan bli aktuelt med ytterlegare justeringar.

Eit meir drastisk tiltak som har vore vurdert, er vinterstenging av ei kyrkje, til dømes Hegge kyrkje, for å redusere fyringskostnader.

Det er kommunen som har ansvar for finansieringa av kyrkja. Øystre Slidre kommune brukar noko meir per innbyggjar på kyrkjeleg drift enn kommunar ein kan samanlikne seg med. Ein del av utfordringa ligg i at kommunen har mange kyrkjer og kyrkjegardar i høve til folketalet, noko som gjer drifta kostnadskrevjande og krev god prioritering.



VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Oktober

05 10 2025 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste og dåp ved vikarprest Dag
Henrik Berggrav

19 10 2025 Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste ved vikarprest Dag Henrik
Berggrav

26 10 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse og dåp ved vikarprest Dag
Henrik Berggrav

November

02 11 2025 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Helgemesse ved vikarprest Dag Henrik
Berggrav

09 11 2025 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste og dåp ved vikarprest Dag
Henrik Berggrav

09 11 2025 Volbu kyrkje kl. 19.30
Songgudsteneste ved vikarprest Dag
Henrik Berggrav

23 11 2025 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse og dåp ved vikarprest Dag
Henrik Berggrav

30 11 2025 Hegge kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved vikarprest Dag Henrik
Berggrav

Desember

14 12 2025 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved vikarprest Dag Henrik
Berggrav

19 12 2025 Skulegudstenester
Lidar kyrkje kl. 08.30
Rogne kyrkje kl. 10.00
Volbu kyrkje kl. 11.30

21 12 2025 Ø.S. Helsetun kl. 13.30
Julegudsteneste

21 12 2025 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Vi syng jula inn saman med
konfirmantane.

Jula 2025

24 12 2025
Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste
Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste
Hegge stavkyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste

25 12 2025
Hegge stavkyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse
Volbu kyrkje kl. 19.30
Høgmesse

Helgemesse i Hegge stavkyrkje 2. november kl 19. 30

Dette er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnest dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året. Vi les opp namna og tenner ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.

Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sakn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane. Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørgefargen. Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar. Sjølv om dei pårørende til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten, er messa for alle.

Konsertar

«Jul med Valdresmål..... og meining
08 12 2025 Rogne kyrkje kl. 18:30
14 12 2025 Lidar kyrkje kl. 18:30

Babysong

i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00
14. og 28. oktober 18. november og 9.
desember 2025 .

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg
velkomne saman med foreldra til ei
koseleg stund med song, musikk og lett
servering.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

i Rogne kyrkjestogo 27. oktober, 17.
november og 8. desember 2025 kl.19.00.

www.skjerikirken.no -er ei felles
infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: www.kyrkja.no/oystre-slidre

FACEBOOK: /Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og
opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i
kommunen.



KYRKJELEGE HANDLINGAR JUNI – SEPTEMBER 2025

DÅP

VOLBU KYRKJE
Jenny Haven Evensen
Herman Vilhelmshaugen
Vestheim

LIDAR KYRKJE
Styrk Lagrud Grønolen
Olav Høydal Lykken

LYSKAPELLET
Jolinde Goretzka

HEGGE STAVKYRKJE
Sigurd Solhaug Deilhaug
Torgim Solhaug Thon

ROGNE KYRKJE
Amund Nybakk
Aksel Strand Holø
Kari Kleven Løkkebø
Thale Løkken

ROGNE SOKN
Odin Oldre Bolstadbråten

VIGSEL

VOLBU KYRKJE
Mari Meng Daleng Okshovd
og Markus Glemser

ROGNE KYRKJE
Anja Røsseng og
Jostein Hauge Volden
Silje Barkost og
Erik Rolandsgard

ROGNE SOKN
Synnøve Fjelltnun og
Thor-Arne Haugen
LYSKAPELLET
Elisabeth Bie og Bjørn Kjensli

LIDAR KYRKJE
Katrine Vandsemb Olsen og
Knut Håvard Lykken

HEGGE STAVKYRKJE
Hanna Skjebstad Weigård og
Hallvard Bache

GRAVFERD

LIDAR KYRKJE
Clara Mathilde Terese Gangstad
Ole Fredrik Jonsbråten
Margrete Sagmo Knudsen

ROGNE KYRKJE
Ingvar Viken
Gunnar Myrvang
Gunvor Melbye

HEGGE STAVKYRKJE
Jan Erik Pettersen
Kåre Langedal
Margit Nordtorp
Knut Frode Framstad